Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
08 SEPT 2014

Hordaland fylkeskommune
Planseksjonen
Postboks 7700
5020 BERGEN

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Lilli Mjelde - 55516439 | 2010/073152-038 | | 03.09.2014 |

## Rullering av kommuneplanen sin arealdel 2014 - 2026 - Utlegging til offentleg ettersyn - tilleggsuttale

Vi viser til oversending frå Fjell kommune av 03.07.14 med framlegg til kommuneplanen sin arealdel for Fjell kommune i perioden 2014-2026. Dette er ein tilleggsuttale til uttale frå Statens vegvesen datert 12.08.14. Tilleggsuttalen gjeld tilhøve til det planlagde nye sambandet mellom Sotra og Bergen, og omtalar spesielt områda knytt til det planlagde kryssområdet med fv 561 og fv 555 på Kolltveit vest og tilhøve til sone for bandlegging for regulering etter PBL (H710).

Det planlagde veganlegget vil berøre delar av dagens golfbane på Kolltveit. Vi er kjent med at Fjell kommune har lagt inn sonene for bandlegging for regulering i Kolltveitområdet med tanke på å vurdere alternative område for erstatningsareal for golfbana.

For å få til eit best mogleg kryss med god trafikkavvikling, gode løysingar for haldeplassar for kollektivtrafikken og god veggeometri utan å måtte fylle ut delar av Storavatnet, er det planlagde kryssområde plassert slik at det ligg i konflikt med den nordlegaste sona for bandlegging, felt H710_2. Geometrien for kryssområdet er utforma slik at veganlegget for ny fv 561 til Ågotnes kan vidareførast mot Ågotnes i samsvar med vedteke kommunedelplan for fv 561 Kolltveit-Ågotnes (Sotra nord). Framlegg til utforming av veganlegget er utført i samråd med Fjell kommune, både administrasjon og politisk arbeidsgruppe.

Statens vegvesen ber om at området for sone for bandlegging i felt H710_2 vert justert eller vurdert på nytt i kommuneplanen sin arealdel slik at det ikkje ligg i konflikt med planlagt veganlegg. Førebels teikning som viser veganlegget i området, er lagt ved denne uttala.

Statens vegvesen ber samstundes om at reguleringsarbeid for erstatningsareal for golfbanen vert sett i gang så raskt som mogleg. Grunngjevinga for dette er at erstatningsområde for dei delane av Kolltveit golfbane som fell bort i samband med vegutbygginga, må være avklart før anlegget av vegen kan ta til i dette området.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
Seksjonssjef

Lilli Mjelde

Lilli Mjelde

Vedlegg: Førebels teikning for nytt Kolltveitkryss

Kopi: Fjell kommune, Plan- og utbyggingssjefen, Postb. 184, 5342 Straume
Fylkesmannen i Hordaland, Postb. 7310, 5020 Bergen

L:\1131189\7-PROD\AA A PROF_NR\Plandata\Tegning\LAY_D01-06.dwg, 22.08.2014 16:50:36, PDF-XChange for AcroPlot Pro






## Tegnforklaring

| | |
|---|---|
| Eiendomsgrense | GS-veg |
| Bygning | Kollektivveg |
| Høyspent, Luftspenn | |
| Bekk/Elv/Innsjø/Sjø | |
| Sti | |
| Konstruksjon | |
| Sprengningsprofil tunnel | |

| Revisjon | Revisjonen gjelder | Utarb | Kontr | Godkjent | Rev. dato |
|---|---|---|---|---|---|
| | **FORELØPIG 22.08.2014** | | | | |

Saksnr.

Statens vegvesen

Rv 555 Sotrasambandet

Parsell Kolltveit - Storavatnet

Plan og profil

Kolltveit

Reguleringsplan

| | |
|---|---|
| Tegningsdato | |
| Bestiller | Knut Ekseth |
| Produsert for | Region Vest |
| Produsert av | Rambøll Norge AS |
| PROF-nummer | 12R055R_20 |
| Arkivnummer | |
| Byggverksnummer | |
| Målestokk A1 | 1:1000 (A3 1/2 M) |
| Tegningsnummer/ revisjonsbokstav | D02 |

| Utarbeidet av | Kontrollert av | Godkjent av | Konsulentarkiv |
|---|---|---|---|
| SAKDRM | TGHOSL | IEGOSL | 1131189 |